



Ivar Gundersen må venta på ein ny runde med reguleringsplanen

Fleire byggjeprojekt i Uskedalen nærmar seg realisering og eitt av dei er det til Ivar Gundersen i Nedre Halsabrotet. For stutt tid sidan meldte Byggadministrasjon Harald Bjørndal på Eikelandsosen oppstart av reguleringsplan for prosjektet og no har Statens vegvesen reagert positivt på dette.

Statens vegvesen slår fast at området i reguleringsplanen vil få tilfredsstillande tilkomst til fylkesveg 48 og at reguleringsområdet ligg utanfor gul sone i reguleringskarta. Vegvesenet har ikkje merknadar til oppstartmeldinga.

Det er no snart 4 år sidan Gundersen kjøpte 5 mål av Kjetil og Kristin Dagestad. Han skal byggja 10 bueingar i tomannsbustader Det er Kvinnherad Bygg som skal ha prosjektet. Alle bueingane blir på 100 kvadratmeter og på eitt plan.

Gundersen hadde i fjor haust håp om at spaden kunne settast i jorda før nytår, men slik gjekk det altså ikkje. På grunn av saksbehandlingsfeil i kommunen blir det nødvendig med ein ny runde med reguleringsplanen, men Gundersen håpar og trur at den ikkje vil ta så lang tid.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen